

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 14.3.2018

**SAKSHANDSAMAR:**

**SAKA GJELD:** **Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023- høyring**

**ARKIVSAK:**

**STYRESAK:** 008/18

**STYREMØTE:** **22.3.2018**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Utkast til strategiplan 2018 – 2023 for Sjukehusapoteka Vest vert sendt ut på høyring.

## Oppsummering

Strategien har ei temabasert inndeling, der det er lagt særleg vekt på dei områda som er omfatta av dei viktigaste endringane framover. Det er skissert ei overordna målsetjing for kvart av temaa som er relatert til Helse 2035, og kva tiltak SAV kan arbeide med relatert til dette. Samtidig kan ein sjå at samhandling, ny teknologi og nye tekniske løysingar, samt innovasjon og endring er gjennomgåande faktorar i heile strategien.

Denne saka er for å klargjere om styret finn at grunnlaget for ein høyringsprosess er på plass, og for å gi styret høve til å kome med innspel til høyringsutkastet.

Når vår strategi etter planen blir vedteken i mai 2018, vil arbeidet med å operasjonalisere denne skje gjennom arbeid med fagplanar (sjå eiga styresak).

## Fakta


Arbeidet med ny strategi for SAV er i siste fase. I styremøte den 13.9.2017 (Sak 040/17) la administrasjonen fram ein oppdatert plan for arbeidet med dei siste milepælane og endeleg mål om å ferdigstille arbeidet fram til styremøtet i mai 2018.

Nr	Milepæl	Ferdig
# 1	Når forarbeid er gjennomført (inkl. innleiande møter om Helse 2035 og utvida leiargruppe) og plan for vidare arbeid er godkjent av styret	13.09.2017
# 2	Når utkast til overordna mål, strategiske satsingar og tiltak er identifisert	31.12.2017
# 3	Når utkast strategiplan er utarbeida	31.03.2018
# 4	Når strategiplan og implementeringsplan er ferdigstilt og vedteken av Styret	31.05.2018

Administrasjonen ønskjer no ei høyring til sjukehusføretak og regionalt brukarutval. Strategidokumentet må deretter drøftast med fagorganisasjonane før den kjem attende til styret i mai.

Den nye strategiplanen bygger på strategiplan for Helse Vest (Helse 2035) med ein planhorisont fram mot 2023. Ein planhorisont 5 år fram gjer at mål og tiltaksområder kan konkretiserast i ein overskødeleg tidsperiode, samstundes som ein legg perspektiva i Helse 2035 til grunn for mål og ambisjonar.

*Planstrukturen kan illustrerast med slike samanhengar:*




I arbeidet med vår strategi er det mange som har peikt på behovet for tydelegare planar for oppgåvedeling, samhandling og samarbeid både internt (i apoteka og mellom apoteka) og eksternt (sjukehusa og Sjukehusinnkjøp). Helse 2035 seier at sjukehusa skal ha ei føremålstenleg spesialisering og oppgåvedeling, og jobbe i nettverk som eit team, men han beskriv ikkje korleis dette skal bli gjort. Strategien kan ikkje gi eit utdjupande svar på alle spørsmål, då både oppgåver og samhandlinga må løysast i tett samarbeid gjennom eigne prosessar.

Utfordringar rundt utvikling og bruk av teknologi er eit gjennomgangstema. Vårt intrykk frå arbeidet med planen er ein generell støtte til at ny teknologi er ein viktig del av tenestene i framtida. Men nokre peikar òg på at teknologien skapar utfordringar knytt til mellom anna kompetanse, digitale trugslar, integrasjonsproblem og systemkompleksitet. Det er likevel vanskeleg å seie noko sikkert om korleis teknologiutviklinga blir mange år fram i tid. Derfor er det viktig å setje ei retning for utviklinga. Ambisjonane er høge, men det er òg krava til endring og innovasjon for å kunne utvikle pasienten si helseteneste.

Som eit grunnlagsdokument for endeleg strategiplan tenkjer administrasjonen å legge ved rapport der nasjonal bemanningsmodell er nytta for å simulere utfordringsbilder for trygging av nøkkelkompetanse, og evt korleis modifierande faktorar kan slå inn. Dette arbeidet er starta opp og ein legg opp til å inkorporere oppsummering i det endelege planutkastet. Rapporten er tenkt lagt fram som eiga sak til Styret i mai.

## Proessen

Arbeidet med ny strategi for SAV har blitt spissa siste året, sjølv om det har vore aktivitetar lengre attende i tid.



Arbeidet med SAV sin strategi har vore utfordrande både sett i lys av leiarskifter i SAV, men også avdi ein avventa HV sin rulling av den regionale strategiplanen. Helse2035 byggjer på Helse2020, men er ei ny og omfattande revidering som rettar seg etter føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Før dette var det også nasjonal utgreiing av sjukehusapotekføretaka som gjorde at strategiarbeidet stoppa opp.

*Skjematisk kan gjennomført prosess opp summerast slik:*

30.09.2015	Work whop1 1 revisjon Strategi	AD, stabsledere, HTV og FHVO
22.10.2015	Work whop1 2 revisjon Strategi	AD, stabsledere, apoteker, HTV og FHVO
27.01.2016	Utvidet ledersamling	Nivå 2 og 3 ledere
26.02.2016	Strategiseminar	Styre, føretaksleiing, HTV og FHVO
05.10.2016	Styreseminar	Styre, føretaksleiing, HTV og FHVO
16.02.2016	SAV strategi	FAMU
01.03.2017	Styreseminar	Styre, føretaksleiing, HTV og FHVO
30.03.2017	Drøfting Helse 2035	AD; HTV og FHVO
06.04.2017	Helse 2035	FAMU
18.05.2017	SAV Strategi	FAMU
24.05.2017	SWOT analyse, nåsituasjonsanalyse, kundens forventninger	Føretaksleiinga
01.06.2017	Plan for strategiarbeidet	Styret
05.09.2017	Strategisamling <i>SWOT, utfordringsområder og strategiske moglegheter</i>	Nivå 2 og 3 leiarar, fagsjefar
12.09.2017	Møte med Helse Vest RHF	Styreleiar, Adm.direktør

13.09.2017	Revidert plan	Styret
08.02.2018	Dagsmøte om strategi <i>Gjennomgang H 2035, arbeid med tiltaksområder og tiltak</i>	Nivå 2 og 3 leiarar, fagsjefar, HTV/FHVO Kvalitetsleiar, kommunikasjon
25.08.2015 27.10.2015 26.01.2016 31.01.2017 25.04.2017 09.05.2017 13.06.2017 19.09.2017 31.10.2017 (nasjonal bemanningsmod.) 30.01.2018	Strategisaker i SAV leiarmøte	Føretaksleiinga

Det er eit relativt omfattande materiale som er strukturert etter strategisamlingane. Ein del av dette vil ein finne att i kapittelet med oversikt over tiltaksområdene, der innspel er systematisert som «tiltak i planperioden» under dei ulike temaområda.

Det er utfordrande å finne balansen mellom strategiske og overordna føringar i Helse 2035 og kor overordna strategiplanen til SAV bør være. Adm.direktør har valt å la strategiplanutkastet til SAV være meir overordna enn tidlegare plan. Grunngevinga er at dei meir fagspesifikke spørsmåla kan handsamast i eigne fagplanar etter at strategiplanen er vedteken. Fagplanane skal igjen danne grunnlaget for Handlingsplanar i avdelingar/Apotek og rullerast årleg.

### **Tiltaksplanar**

Ein del av systematikken rundt Helse 2035 er utvikling av tiltaksplanar som føretaka skal legge til grunn i oppfølginga. SAV har hatt ein prosess med utvikling av tiltaksområder, som er lagt inn i plandokumentet samanhaldne med føringane frå Helse Vest. Igjen har vi freista å kople våre planar og aktivitetar til det regionale rammeverket illustrert slik:

Utvalde endringar	Styringsdokument og satsingar	2018-2019	2020-2021	2022-2025	2026-2035
<b>Nasjonalt</b> > Store prosjekt innan digital infrastruktur > Ny organisering rundt satsinga på e-helsetenester	<b>Nasjonal helse- og sjukehusplan 2016-2019</b>				
	Nasjonal e-helsestrategi og handlingsplan 2017-2022				
	→ Éin innbyggjar – éin journal				
	Årlege oppdragsdokument og løyvingar i statsbudsjettet				
	Lover, reglar og andre nasjonale styringsdokument				
<b>Regionalt</b> > Leveransar frå store program > Betre planlagde og meir strukturerde <u>pasientforløp</u> > Nye digitale verktoy > <u>Standardisering</u> og regionale fellesfunksjonar	<b>Helse2035 – strategi</b>				
	→ Helse2035 – tiltaksplan				
	Andre regionale strategiar og planar				
	Regionale program og prosjekt				
	Alle møter				
	HELIKS				
	LIBRA				
	Virtuell AMK				
	Digital patologi og <u>labområde</u>				
	Pakkeforløp				
Program for pasienttryggleik					
	Økonomisk langtidsplan (oppdatert årleg)				
<b>Lokalt (regionalt)</b> > Satsingsområder > Nye metodar og medisinar > Meir <u>spesialisering</u> og oppgåvedeling	<b>Føretaksstrategi</b>	(SAV 2018 -2023 )			
	Fagplanar (PRO, PUB, SHE)				
	→ Handlingsplanar				
	Digital fornying i SAV				
	Økonomisk langtidsplan (oppdatert årleg/ Budsjett)				

## Konklusjon

Utkast til plandokument ønskjer ein no sendt på høyring. Endeleg strategiplanvedtak er tenkt gjort av styret 30.5.2018.

Høyringsinstansar er tenkt helseføretaka, regionalt brukarutval og fagorganisasjonane.

Rapport om bruk av nasjonal bemanningsmodell i SAV vert også handsama i mai møtet.

## Vedlegg

1. Utkast til «Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023»